



Arkivnr: 2018/10978-19
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

Godkjenning av å søke opptak i nasjonal tilskotsordning om førebygging av vold og overgrep – program for folkehelsearbeid i Hordaland

Samandrag

Hordaland blei teke opp i den nasjonale tilskotsordninga program for folkehelsearbeid i kommunane i 2018. I referatsak 2018/10978-16 er det gjort greie for status for arbeidet i fylket.

Helsedirektoratet har i 2019 etablert eiga tilskotsordning med tre millionar kroner til tiltaksutvikling i eit fylke innanfor program for folkehelsearbeid. Søknadsdokumenta blei sende ut rett før påske 2019, med søknadsfrist for fylkeskommunen den 01.06.2019. Målgruppa er barn og unge.

Vilkåra er som tidlegare at fylkeskommunen er søkjar, og at søknad skal utviklast i samhandling med FoU-miljø med kompetanse på arbeidsområdet og med kommunar.

Vold og overgrep vert vurdert som ei folkehelseutfordring jfr. Meld. St. 19 2018-2019. I Hordaland er det interesse i kommunar for også å inkludere førebyggjande innsats retta inn mot vold og overgrep som del av det systematiske folkehelsearbeidet. Det er også interesse av samarbeid om tiltaksutvikling i fagmiljøa i fylket som arbeider med dette innsatsområdet.

Hordaland fylkeskommunane har løfta spørsmålet om å søkje seg inn i tilskotsordninga opp i møte i det regionale samarbeidsorganet i møte i mars 2019. Det er eit mål å søkje om å utvikle eitt tiltak, etter open utlysing for kommunar i Vestland.

For å søkje tilskotsordninga set Helsedirektoratet som vilkår vedtak i fylkestinget. Fylkesrådmannen vurderer at Hordaland har utvikla dei systema og arbeidsmodellane som vert kravd av Helsedirektoratet og at desse kan tilpassast utvikling av ny tilskotsordning.

Økonomi: Innanfor etablert program i Hordaland.

Klima: Ingen.

Folkehelse: Folkehelseiltak for voldsførebyggjande arbeid for born og unge.

Regional planstrategi: Tiltak for å fremje eit meir inkluderande samfunn.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune søker om å bli programfylke for Program for folkehelsearbeid innanfor den nye tilskotsordninga vold og overgrep
2. Om opptak i tilskotsordninga skal det arbeidast for at kommunar skal rekrutterast frå heile Vestland.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere søknad til Helsedirektoratet om opptak i tilskotsordninga.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.04.2019

1 Bakgrunn for saka

Hordaland fylke er programfylke innanfor program for folkehelsearbeid der utvikling av tiltak for å fremje befolkninga si helse og livskvalitet er eit mål. Satsinga i Hordaland er retta inn mot utviklingsarbeid der barn og unge er ei prioritert målgruppe. 14 kommunar i fylket er pr. mai 2019 programkommunar.

Regjeringa ønskjer å inkludere førebygging av vold og overgrep i det systematiske folkehelsearbeidet, sett i samanheng med arbeid for å fremje psykisk helse og rusførebyggjande arbeid. På side 85 i Meld. St. 19 2018-2019 *Gode liv i eit trygt samfunn* står følgjande.

«Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep kan både førebyggjast og stansast. Det førebyggjande arbeidet må rettast både mot heile befolkninga og mot dei mest risikoutsette individa, familiare eller gruppene i samfunnet. Eit godt valdsførebyggjande arbeid krev tidleg innsats, langsiktig planlegging og god samordning. Det inneber mellom anna å prioritere tiltak retta mot barn og unge og familiare deira. Valden må førebyggjast på dei arenaene der han går for seg, anten det er i heimen, i barnehagen, på skulen, på arbeidsplassen eller på fritidsarenaer. Internett og sosiale medium er andre arenaer der mobbing, overgrep og seksuell trakassering grip om seg.»

Vidare seier same meldinga at ei kunnskapsoppsummering frå Folkehelseinstituttet om førebyggjande tiltak for barn og unge viser at det finst få kunnskapsbaserte førebyggjande tiltak. Det går likevel fram at tiltak til støtte for foreldre kan redusere risikoen for at barn blir utsette for vald, og at tiltaka derfor kan reknast som effektive folkehelseiltak. Folkehelseinstituttet har i 2019 fått i oppdrag å starte eit samarbeid med SSB for å ta inn data om vald og overgrep i folkehelseprofilane. På den måten kan kommunar og fylke følgje med på utviklinga i eiga befolkning og setje i verk tiltak.

I statsbudsjettet for 2019 er det sett av 3 millionar kroner for tiltaksutvikling i eit fylke. Samarbeidsorganet til program for folkehelsearbeid i Hordaland vurderer det som interessant å kunne utvikle tiltak også innan for vold og overgrep innanfor det etablerte programmet i Hordaland.

Barn og unge skal vere ei prioritert målgruppe. Tilskotsordninga er innanfor Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025 sin ambisjon om tidleg innsats knytt til barn og unge. Eit mål med tilskotsordninga er auka samarbeid mellom aktørar innan blant anna skule og barnehage, fritidssektoren, helsetenesta, politiet og frivillig sektor.

2 Vurderingar og konsekvensar

Tiltaksutvikling i høve vold og overgrep vil vere eit nytt innsatsområde innanfor det systematiske folkehelsearbeidet i fylket. I Hordaland er fleire nasjonale kompetansesentre lokalisert som har spisskompetanse innan feltet og har interesse for å delta i utviklingsarbeidet. Det er også fagmiljø i fylkeskommunen som arbeider med temaet.

Gjennom folkehelseprogrammet (2017–2026) skal kommunane utvikle og spreie metodar for å fremje psykisk helse og rusførebyggjande arbeid. Denne modellen kan òg vere eigna til å omfatte det førebyggjande arbeidet retta inn mot vald og overgrep. I statsbudsjettet for 2019 er det derfor løyvd 3 millionar kroner til at eitt fylke kan særskilt prøve ut korleis arbeidet mot vald og overgrep kan utviklast og samkøyrast med andre nærliggjande tema i folkehelseprogrammet.

Det er eit mål i Hordaland at tilskotsordninga skal inngå i det allereie etablerte samarbeidet i program for folkehelsearbeid i fylket. Tilskotsmidlane skal nyttast til tiltaksutvikling i kommunar. Det vert ikkje tilført ressursar til fylkeskommunen frå nasjonale mynde som følgje av arbeidet. Dette er i tråd med dei nasjonale forventingane der fylkeskommunane skal i kraft av rolla som utviklingsaktør ikkje skal nytte nasjonale tilskotsmidlar til folkehelsearbeidet til eigen administrasjon.

Fylkeskommunen skal inngå samarbeidsavtaler med kommunar som skal gjennomføre tiltak, inngå samarbeidsavtalar, lyse ut tilskotsordninga og samarbeide med samarbeidsorganet om val av kommunar og val av tiltak. System for medverknad for barn og unge er særskilt viktig. Hordaland fylkeskommune står økonomisk og administrativt ansvarlig overfor Helsedirektoratet.

På grunn av korte fristar er søknaden til tilskotsordninga under utvikling. Fylkeskommunen har etablert samarbeid med aktuelle FoU-miljøa og etablerer samhandling med kommunar. Målgruppe vil vere barn og unge, og tiltaksutviklinga skal rette seg inn mot relevante arenaer for barn og unge.

Hordaland kan også vektlegge at nye kommunar inn i tilskotsutvikling knytt til vold og overgrep helst ikkje allereie er inne i programmet. Dette vil opne opp for deltaking av fleire kommunar i fylket inn i program for folkehelsearbeid. Det må også vurderast i samband med skriving av søknaden om det er hensiktsmessig at ein inkluderer kommunar i heile Vestland. Sogn og Fjordane søkjer seg ikkje inn i tilskotsordninga.

3 Konklusjon

Breiare tiltaksutvikling knytt til vold og overgrep vil styrke kommunane sitt førebyggingsarbeid innanfor området psykisk helse. Tidleg innsats retta mot barn og unge er prioritert i Regionalplan for folkehelse 2014-2025.

Fylkesrådmannen vurderer at Hordaland har utvikla dei systema og arbeidsmodellane som vert kravd av Helsedirektoratet, og at desse kan tilpassast utvikling av ny tilskotsordning.

Fylkesrådmannen vurderer det som ei god relevant folkehelsesatsing at Hordaland fylkeskommune søkjer Helsedirektoratet om opptak i tilskotsordninga *Tiltaksutvikling vold og overgrep*.